

Vår sakshandsamar:
Tor Arne Ness

Dato: 08. oktober 2020

Vår referanse: KUD
Dykkar referanse: ViteMeir

Utdannings- og forskningskomiteen
Stortinget
Postboks 1700 Sentrum, 0026 Oslo

E-post: utdanning-forskning@stortinget.no

OPPTAK SOM REGIONALT VITENSENTER I STATSBUDDSJETTET VITENSENTERET I SOGN OG FJORDANE AS (VITEMEIR)

Vi viser til våre brev datert 23. juli 2018, 22. mars 2019 og 1. juli 2020 til kunnskapsdepartementet om etablering av eit nytt regionalt vitensenter i Sogndal, og tilrådinga frå Forskningsrådet sendt Kunnskapsdepartementet 13. mars i år. Det er særskuffande at ViteMeir ikkje er omtala i forslaget til statsbudsjett og at tilrådinga frå Forskningsrådet i så måte ikkje er fylgt.

Vi håpar dette er ein inkurie, og ber utdanningskomiteen vurdere dette. ViteMeir har jobba i 4 år med etableringa, bygginga er i gang, og senteret skal opne hausten 2021. Vestland fylkeskommune er byggherre, og det er sett av 160 millionar til byggeprosjektet der ViteMeir er ein sentral leigetakar.

VITEMEIR

Selskapet vart etablert i februar 2018, og er eigd av 6 kommunar, fylkeskommune, HVL, Vestlandsforskning, NITO og regionalt næringsliv. Selskapet skal etablere og drifte eit regionalt vitensenter i Sogndal kommune etter retningslinene til Forskningsrådet. Det er teikna 3-årige bruksavtalar med grunnskular og VGS, og næringslivet bidreg med finansiering til oppstart og drift.

TILRÅDINGA FRÅ FORSKINGSRÅDET ER KRYSTALLKLAR:

Departementet har 13. mars i år motteke tilrådinga frå Forskningsrådet om å stille minimum 6.9 MNOK til rådvelde til ViteMeir over kap. 226, post 71 Tilskott til vitensenter. Grunngevinga er:

« Basert på en helhetsvurdering opp mot kriteriene og med spesiell vekt på den geografiske beliggenheten, den meget sterke lokale forankringen, solid økonomi og svært gode planer for pedagogisk opplegg, anbefaler Forskningsrådet at ViteMeir blir et regionalt vitensenter. »

Stortinget auka budsjettposten for Vitensenterprogrammet i 2018 med 10 mill. kr. Det er i innstillinga frå Stortinget sin utdannings- og forskningskomité vist til planane i Nordland og Sogn- og Fjordane, for å dekke heile landet på ein god måte.

Den konkrete formuleringa i Innst.12 S (2017-2018) Kap 226, post 71 (side 53) er:

«Komiteen viser til at det er etablert flere populærvitenskapelige opplevelses- og læringssenter innen matematikk, naturvitenskap og teknologi hvor de besøkende lærer ved å eksperimentere selv, og er positiv til etablering av flere sentre.

Komiteen viser til at programstyret for vitensentrene underlagt Forskningsrådet har pekt på vitensentrenes rolle i de ulike regionene og hvor man blant annet vurderer nye etableringer i Sogn og Fjordane, samt Nordland, for å dekke hele landet på en god måte.»

PRESEDENS

I 2019 vart budsjettposten auka frå 10 til 12 regionale vitensenter med Ålesund og Mo i Rana som nye senter. **ViteMeir er godkjent av Forskningsrådet som det einaste nye vitensenteret i 2020**, og skal opne same år som Mo i Rana og Ålesund som allereie er inne i statsbudsjettet. Utan bevilling over statsbudsjettet vil ikkje tilrådinga vere offisielt godkjent, og prosjektet vil få ein krevjande start. Det er fare for at dei gode planane presentert i søknaden til Forskningsrådet vil bli svekka. Når to av tre regionale vitensenter vert tekne opp i ordninga, og det tredje vert ståande igjen, er det både skuffande og urimeleg.

IKKJE FOR SEINT Å SNU

Vi vonar at dette er ein glipp, og at dette blir retta opp før endeleg statsbudsjett vert vedteke.

Ta kontakt om de treng utfyllande informasjon om ViteMeir, og les gjerne om senteret på www.vitemeir.no.

Med venleg helsing



Tor Arne Ness
Styreleiar og fung. dagleg leiar
908 39 860 / tan@vitemeir.no

Kopi til:
Kunnskapsdepartementet
Vestland fylkeskommune